



# SKUMRINGSTIMEN

BERTA HETLAND

*«Skumringstimen» er eit ord som får oss til å tenkja på «gamle dagar». Det var den tida på dagen då det tok til å skymast; då det var for mørkt til å arbeida, men likevel for lyst til å tenna lampa.*

*Barn og vaksne samla seg til ei lita fredeleg stund i stova. Kanskje fortalde besteforeldra soger til barnebarna, og heldt såleis den munnlege forteljartradisjonen i hevd.*

*I dag er det knapt nokon som sjølve har opplevd denne «skumringstimen». Men ennå finst det folk på Jæren som i sin barndom hadde besteforeldre eller andre som kunne fortelja levande om denne tida. Berta Hetland, fødd på Krogedal og seinare gift til Hetland i Sandnes, er ei av dei.*

*I denne artikkelen fortel ho om livet på garden slik ei gammal kone på Krogedal fortalde om det. Ho har og skrivne ned nokre soger frå Hetlandsgarden som dei eldste der brukte å fortelja barnebarna.*

Det er nok berre så vidt at eg er den rette til å setja meg ned og skriva om «skumringstimen» som vart praktisert for 3–4 generasjonar tilbake. Men kanskje er det vanskeleg å finna *nokon* som kan fortelja klart og tydeleg korleis dei hadde det i skumringstimen frå 100 til 150 år tilbake. Dei som opplevde skumringstimen for så lenge sidan er forlengst borte. Sjølv er eg fødd på garden Krogedal, den øvste garden i den grenda som som før vart kalla Høylands fjellbygd. Eg såg dagens lys for fyrste gong på Krogedal andre juledag 1910. Der på garden levde eg mine barne- og ungdomsår til eg vart gift med Ragnvald Hetland, og flytta til Hetland våren 1939.

## Frå Krogedal i «gamle dagar»

På Krogedal levde det i mi barne- og ungdomstid ei

*Karen-Sofie Krogedal fotografert då ho var i 80-års alderen.*

*\*Foto: Privat.*

kvinne ved ved namn Karen-Sofia Krogedal. Ho døydde i 1941, og var då bortimot 90 år. Ho hadde eit godt minne, og kunne fortelja både det eine og det andre frå eldre tid. Ho fortalde at i hennar ungdomstid var det vanleg at dei hadde «grua» i kjøkenet kor dei kokte maten. Fyrstikker var ikkje komne i bruk i den tida. Dei brukte visstnok det som vart kalla «tyrispik», når dei skulle få lys i «kola» som då vart bruka til belysning.

Ein gong i 1920 laga morbror min, Torger Hetland på Sviland, bryllaup for ei av døtrene sine. I det bryllaupet kom morbror Torger inn med ei kola som han synte fram og demonstrerte for gjestene, men det er nok tvilsomt om kola er å finna på Sviland i dag.

Talgalys vart også brukt til belysning. Sjølv minnest eg at mor støypte talgalys i min barndom. Ho hadde nokre tillaga blekk-former på storleik med dei lysa som er i handelen i dag. Inni denne forma trekte ho så ein bommullstråd som gjekk frå ende til annan



Frå garden Krogedal i Sandnes. Foto: \*Jærmuseet, 1988.

i forma. Så tok ho bråna fett i frå sauainnmat, og helte oppi forma som var nokolunde tett i eine enden. Tok så nokre heimelaga lysestakar, og sette desse formene oppi. Når så massen inni forma var storkna og kald, tok ho tak i den bomullstråden som var

inni lyset, og trekte lyset or forma. Det var då ferdig til bruk.

Men tilbake til grua og varmen i grua. Sidan dei i den tida ikkje hadde fyrstikker, så var det om å gjera å få elden i grua til å vara ved både dag og natt. Slokna elden ut, var det ikkje anna å gjera enn å gå til grannegarden og låna varme.

Karen Krogedal fortalde at ho ein gong hadde gått frå Krogedal til Sporaland for å låna varme. Frå Krogedal til Sporaland treng ein ein halv time å gå i ulendt terreng. Når dei lånte varme, bar dei med seg eit «kjerald» som dei la ei glødane torva eller ein vedakubbe oppi. Så bar dei dette med seg, og det heldt eld til dei kom tilbake og fekk lagt det i grua. Dei fekk så lagt på ved og torv så det kom til å brenna. Men det var om å gjera og passa på at elden ikkje slokna. Når dei hadde eld i grua, kunne dei setja ei tyrispik bort i elden, og så med den få lys i både kola og talgalys. Belysninga var dårleg, men dei gamle var nøysomme i tilværet og trugne i arbeidet.


Det dei skulle leva av, var slikt som dei hadde på garden. Kleda dei bruka, laga dei sjølve. Av sauene fekk dei ull, og konene var flinke til både å spinna, spøta og veva. Det var nok konene som utførte det arbeidet, men eg veit og om menn som hjelpte til. Eg minnest enno dei fine ull-rullane som han Tveit-Ådne på Krogedal laga til kona si når ho spann. Eg såg fine rullar fleire stader, men maken til Ådne sin såg eg ikkje. Det var også svært fint garn ho Guri, kona hans, spann.

Vevinga var det som regel konene som utførte. Men eg har høyrte om ein heim der mannen vov; kona kunne ikkje veva. Å halda på med slikt handarbeid i det dårlege lyset dei hadde, var ikkje godt. Det var ikkje så rart at dei tok seg ein pause og hadde ein

skumringstime. Men skumringstimen varte ikkje heile kvelden. Skulde dei få noko gjort måtte kveldstimane også nyttast.

Det er meg fortalt om ei kone her på Hetland som sat ein laurdagskveld og nøytt med ein vev som skulle vera ferdig til Marken. Det var alminnelegt at dei vov vadsmål som dei selde på Marken for å få seg nokre kroner. Då klokka nærma seg 12, gjekk ho og stoppa klokka. Det var synd å veva på sundag, og når klokka stod stille, kunne ikkje nokon fylgja med kor lenge ho synda.

Men det var nok ikkje berre konene som nytta kveldstimane til arbeid. Rundt om i heimane var det




Kola blei brukt som lyskjelde i eldre tid. Den øvste «skåla» blei fylt med lyse (tranolja). Så hadde dei ein veike i tvinna bomullstråd. Den underste skåla samla opp den lysen som draup over kanten. Kola hang ofte i ei «stryda» ned frå taket ved sida av omnen. Foto: \*Hå bygdemuseum.

i eldre tid store barneflokkar. Fottøyet som vart brukt mest, var tresko som vart laga på garden. Det var nok han far sjølv som stod for det arbeidet, og det var ikkje uvanleg at stova vart bruka til arbeidsplass. Ved å nytta stova fekk han både nytta godt av varmen frå omnen og samtidig nytta det lyset som var i stova. Om det vart ein del spøne på golvet, gjorde det ingen ting; det heitte at spønene var «reine», og det var ingen som såg noko gale i om der låg nokre reine treskospøner på golvet. Vart det altfor mykje spøner på golvet, var det inn med sopelimen og sopa spønene i hop. Spøna var gode til å kvigra opp elden i grua, og få god eld når maten skulle kokast.

Eit anna arbeid som også var nokså alminneleg om vintrakveldane, var å setja i stand rakerivene som vart bruka i slåtten. Dei heimelaga rakerivene vart mykje nytta i slåtten både på heimebøen og i utslåtten, og det resulterte i at tindane både vart oppslitne og gjerne avbrotne og måtte fornyast. Slikt måtte gjerast om vintrakveldane så dei var klare til bruk, når sommaren og slåtten kom. Men det var nok mykje meir enn dette som måtte gjerast om vinteren, og stova vart ofte brukt til arbeidsplass. Når laurdagen kom, var det for kona og dei største barna å ta fatt på helga-utvølinga. Då vart filleryene uthivde, og dei fekk seg ein dugeleg omgang med både resting og lufting. Golvene vart skurde med skuresand så dei vart så kvite at det var eit syn.

Eg kunne nemnt mykje meir som vintrakveldane vart nytta til, men det vert for mykje å ta med alt. Det som eg har skrive ned, har eg teke med slik at dei unge i dag ikkje skal tru at dei gamle låg på «ladasiå».

Rundt om i heimane her frå 1850- åra og ut over



Frå garden Hetland i Sandnes. Foto frå forfattaren.

til 1950-åra budde gjerne 3 generasjonar i same huset. Det var barn, foreldre og besteforeldre som budde under same tak. Barneflokket var som regel stor – gjerne opp til 10–12 stykk og meir til. Når vintraveldane kom, og mørket fall på, samla denne flokken seg i stova til det dei kalla «skumringsti-

men». Då var vissnok besteforeldra dei beste til å underholda. Dei gamle var gode til å fortelja, og dikta i hop dei utrulegaste historier som tenkjast kunne. Her på Hetland lever enno historier som vart fortalde av dei eldste på garden, men som er i friskt minne enno hjå vår eigen son, Rasmus Hetland, som

no går i det 55 året. Han seier sjølv at om farfaren fortalde historiene mange, mange gonger så var dei alltid like interessante. Sogene var oppdikta og berre til å le åt, men i barnesinnet var det gullperler. Og eg trur ikkje at barna hadde vondt av å høyra dei. Eg tek med eit par historiar her:

#### **Forteljinga om då reven skulle syna skrubben korleis menneska var**

Reven har alltid frå gammalt av hatt ord på seg for å vera ein lurendreiar. Så var det ein dag skrubben var ute og gjekk, og så råka han på reven. Skrubben spurde han då om han kunne fortelja han korleis menneska var. Jau, svarta reven, det kunne han godt fortelja. Skrubben skulle bara vera med han på tur, så skulle han snart få sjå korleis menneska var. Då dei hadde gått eit stykke, råka dei på eit barn som kom gåande. Då sa reven til skrubben: «*Det som kjem der, det treng du ikkje vera redde, det er kje noge mennesk, men det er noge som skal verta eit mennesk. Det kan du bara gå forbi*».

Så gjekk dei eit stykke til. Då kom det ein gammal mann med stokk vaklane mot dei. Då sa reven: «*Den som kjem der treng du heller ikkje vera redde, det er noge som har vore eit mennesk. Den kan du gå forbi*».

Men litt etter råka dei på ein mann i sine beste år. Han bar noko på aksla som likna ein stokk. Då sa reven til skrubben: «*Den som kjeme der, det er eit mennesk. Det kan du bara gå og helsa på. Men han for sin del hadde råka på slike mange gonger, så han brydde seg aldri om å helsa på han; han ville ta ei annor leid bort frå det som heitte mennesk*».

Då reven ei tid seinare råka att skrubben ville han

vita korleis menneska var. Då svarta skrubben: «*Jau, det skal eg seia deg. Det var ein forunderleg kar det, han hadde noko han bar på som likna ein stokk, og den stokken retta han i mot meg, og så freste han noko i augo mine som svidde noko ganske avskyelegt*».

#### **Då reven og skrubben var ute og skulle slå lyng**

Ei anna forteljing var om ein gong reven og skrubben var ute og skulle slå lyng. Då hadde dei med seg ein ambar med «såddel» som dei sette frå seg at med ein steingard.

Når svigerfar fortalde denne historia til guten, fortalde han den slik at det var på vår eigeidom det føregjekk. Han fortalde både kor det var dei sette ambaren med «såddel» i frå seg, og kva hei det var dei slo lyng på, og plassen var litt innføre heimabøen her på Hetland. Det var ikkje løye at slikt sette seg fast i barnasinnet.

Det var ein gong reven og skrubben skulle ut å slå lyng. Så hadde dei med seg ein ambar med «såddel» som dei sette frå seg attmed ein steingard, og så gjekk dei på Øygardsodden og slo lyng. Men reven har alltid vore ein luring, og då dei hadde slege lyng ei stund, vart reven svolten og huga på «såddel». Så luska han i stillhet bort, og forsynte seg av det som var i ambaren. Då han kom tilbake, ville skrubben vita kva han no hadde vore ute på. «*Jau*», svarta reven, «*eg var av stad og kristna eit badn*». «*Kva skulde det badnet heita då?*», spurde skrubben. Det skulde heita «*Påbegynt*» svarta reven.

Så slo dei lyng ei stund til, men så vart reven svolten igjen, og luska avstad og åt på såddel i am-

baren. Då han då kom tilbake, ville skrubben igjen vita kva han no hadde vore ute på. Jau, han hadde vore og kristna eit badn. «Kva skulle det badnet heita då?» spurde skrubben. Det skulde heita «Mittepå» svara reven.

Og igjen var reven ivreg med skrubben på lingslått. Men det gjekk ikkje likare til enn at då dei hadde halde på ei tid til, vart reven igjen svolten, og luska avstad og åt opp alt som var i ambaren. Då han då kom tilbake ville skrubben igjen vita kva reven hadde vore ute på: Jau, han hadde vore avstad og kristna eit badn. «Kva skulle det badnet heita då?» spurde skrubben. Det skulde heita «Skrapa Botnar», svara reven.

Og dermed slutta denne historia.

#### Då Fangjel Madland skaut bjørnen

Til slutt vil eg ta med ei forteljing som er sann og som hende på Madland i Gjesdal ein gong før 1850. Det handla om då Fangjel Madland skaut bjørnen.

Det var ikkje uvanleg i dei åra at der luska både skrubbe og bjørn rundt om i liene her. Og så var det ein sommar nokre barn frå Madland var tekne ut, og ville henta blåbær bort i bakkane. Men då det leid på, vart dei vare noko borti ein bakke som dei undrast på kva kunne vera. Ved nærare gransking fann dei ut at det *måtte* vera ein bjørn som gjekk og forsynte seg på blåbær. Barna vart sjølvsagt redde, og sprang heim så fort dei kunne, og fortalde at dei hadde sett ein bjørn. Men foreldra ville til å begynna med ikkje tru ungane, og sa at det måtte vera han Ola i Brekko som gjekk bort i bakkane og henta bær. «Hå nei», protesterte ungane. «Han har ikkje så lønne (lodne)

øyre han». Og dei ville slett ikkje gje seg med påstanden sin.

Omsider fann nok far deira, han Fangjel Madland, ut at han fekk gå avstad å sjå om han såg noko til denne bamsen som ungane påstod dei hadde sett.

I den tid hadde dei ikkje så effektive skytevåpen som dei har i dag. Det alminnlegaste var at dei hadde noko dei kalla «munnladning», og den kunne vera effektiv nok viss dei råka dyret midt i blinken og avliva det med ei gong. Men var det bomskot, og dyret bare vart såra, så var det ikkje gjort i ein fart å få nytt skot i børsa. Men Fangjel sette seg likevel ned og ladde munnladningen, og tok så avstad og såg etter bjørnen. Men han trong ikkje gå så langt før han såg noko borti bakken som lea på seg. Han fann fort ut at det var bjørnen som gjekk og åt på bær. Han la munnladningen an på ein stein, fekk godt sikte og brende av. Han hørde bjørnen sette i eit forferdeleg



Maria og Rasmus Hetland. Rasmus var flink til å skriva og dikta, og var ein svært god forteljar. Foto frå forfattaren.



Berta Hetland les om «Skumringstimen» på vaksentreff i Aspervika. Foto frå forfattaren.

brøl då skotet råka han. Men Fangjel fann fort ut at bjørnen bara var skamskoten. Og der stod Fangjel med munnladningen. Å få nytt skot i den var ikkje gjort i ei handavending. Han frykta at bjørnen kvar stund kunne koma til å angripa han. Det var ikkje anna å gjera enn å leggja på sprang bort i frå ubeistet. Men under denne flukten sprang han over ei lita bru

der det låg nokre lause steinar. Då han var komen over brua, hørde han ramling frå steinane og rekna med at bjørnen var i helane hans, og sette farten endå meir opp. Men så var ulukka den at der var ei grind på vegen, og den var tilbunden med vidjer i den eine enden. Men Fangjel hadde ikkje tid til å løysa opp vidjene. Han treiv heila grinda, reiv den av hengsla, sprang vidare og kom velberga heim.

Dagen etter fekk Fangjel med seg nokre modige karar frå Madland, og gjekk av stad og skulle sjå etter bjørnen. Nokre av dei bar på øksar, andre hadde funne fram staurar som dei hadde bunde ein ljà fast i enden på. Og Fangjel hadde ladd munnladningen på nytt. Så tok dei ut for å avliva bjørnen. Men då dei kom nærare fann dei ut at han var nokså ufarleg. Dei trong ikkje bruka verken øksar eller staurar, men Fangjel gjekk bort og gav han ein ladning til av munnladningen, og dermed var skogens konge avliva. Han vart så flådd, og det synte seg då at ryggja-beinet var avskote med fyrste skotet. Dermed vart bjørnen lam i bakparten slik at han formådde seg ikkje til noko.

Men skinnnet vart gitt til Lypresten; han skulle ha det å varma seg på når han om vintrane køyrde frå Lye i Time til preik i Gjesdalkyrkja. Time og Gjesdal var i den tid eitt prestegjeld.

Fangjel Madland hadde gard på Madland og var fødd 1803, død 1875. Han var bror til Malli Madland som vart gift med Lars Halvardson Hetland, og som vart buande på Hetland. Dette ekteparet var mine oldeforeldre på morssida.